

Saksnr	Utval Formannskapet	Møtedato
--------	------------------------	----------

## **UTTALE FRÅ STORD KOMMUNE - REGIONAL PLAN FOR INNOVASJON OG NÆRINGSUTVIKLING**

### **Framlegg til vedtak:**

Stord kommune v/ formannskapet gir følgjande høyringsuttale til regional plan for innovasjon og næringsutvikling – berekraftig verdiskaping:

Stord kommune meiner næringsplanen saman med utviklingsplan for Vestland gir eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare næringsarbeid i fylket, Sunnhordland og Stord kommune. Vi meiner likevel planen vert for omfattande til å kunne fungere som næringsplan på kommunalt nivå, men kommunen kan nytte det framlagte kunnskapsgrunnlaget, målsetjinga og strategiane til å identifisere våre styrker og kva vi kan byggje vidare på for å lukkast i næringsarbeidet framover i vår regionale kontekst. Dette vert ein viktig del av samfunnssdelen til kommuneplanen som kommunen no går i gang med å utarbeide. Særleg vert det viktig å definere ein god arealstrategi slik regional plan påpeiker. Kva for næringar treng kva for areal i vår kommune?

Stord kommune har ikkje innspel til endringar i sjølve næringsplanen, men meiner handlingsprogramma særleg må støtte opp om følgjande:

**Infrastruktur:** Det må byggjast tilstrekkeleg infrastruktur for å hindre at dette vert barriere for vidare næringsutvikling; dette gjeld både nettkapasitet for kraftforsyning, digital infrastruktur og transportinfrastruktur og kollektivtransport for å binde saman større bu- og arbeidsmarknadsregionar. For Stord kommune som regionsenter og øykommune er det viktig med gode kommunikasjonar mot regionhovudstaden Bergen og mot våre nabokommunar. Hordfast og Sunnfast er samferdselsprosjekt som bind Sunnhordlandsregionen saman internt og mot Bergen. Dette er viktige offentlege bidrag for å styrke og støtte opp under omstilling, endring og nyskaping i privat næringsliv. Dette vert også særleg viktig for å sikre tilgang på rett kompetanse og arbeidskraft til eikvar tid. Vi må også nyte innkjøpsmakta til å bidra til utviklingsprosjekt innanfor kollektiv transport både til sjøs og på land. Fylkeskommunen må aktivt setje i verk fleire pilotprosjekt innanfor kollektiv transport som både er miljøvenlege og i større grad svarer på innbyggjarane sitt transportbehov.

**Kompetanse:** Den kanskje viktigaste endringa i næringslivet framover, er det kontinuerlege kravet til innovasjon og læring. Det vert i regional plan peika på at vi har eit fortrinn når det gjeld naturressursar, men skal vi kunne foredle og utnytte desse, er vi avhengige av ei lærande arbeidskraft. Her meiner Stord kommune at det må leggjast endå større vekt på samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonar og næringslivet, både kva gjeld aktuell oppdatering og vidareutdanning av arbeidskraft, og kva gjeld næringsaktuell forsking. Ein må starte arbeidet allereie i grunnskulen ved at elevane får høve til å utvikle yrkespreferansen sin før dei kjem til vidaregåande skule. Rådgjevingstenesta må kvalitetssikrast. Det må også arbeidast for å hindre fråfallet i vidaregåande skule. Stord kommune jobbar med prosjektet «16 - ka no? Trygg overgang frå ungdomsskule til vidaregåande,» der det m.a. kjem fram at elevar i ungdomsskulen ønskjer meir kunnskap om yrkesretta utdanningar og arbeidsplassar. Her trengst ytterlegare kunnskap og styrka innsats.

**Offentleg – privat samarbeid:** Stord kommune har fått midlar frå Miljødirektoratet til eit klimasatsprosjekt: partnarskap for klimaleiing. Føremålet med prosjektet er gjennom

offentleg og privat samarbeid å identifisere og gjennomføre endringar som medfører klimakutt i tenester og produksjon. Gjennom prosjektet ynskjer vi også å dele kunnskap. Skal vi lukkast med kunnskapsdeling på tvers av bransjar, må vi også skape aktuelle arenaer for slik deling. Handlingsprogrammet må stimulere til kunnskapsdeling på tvers av privat og offentleg sektor, bransjar og verdikjeder.

Sosial berekraft: Næringslivet treng stabil tilgang på arbeidskraft og kundar. Arbeid med å fremja folkehelsa og skape gode og attraktive lokalsamfunn der folk trives er grunnleggjande for den lokale næringsutviklinga. Både privat, offentleg og frivillig sektor har her eit felles ansvar. Det må leggjast til rette for samhandling på tvers av sektorane slik at dei ulike aktørane støttar opp om kvarandre og drar i same retning.

Medverknad: Involvering av innbyggjarane i utviklingsprosessar må vere eit berande prinsipp i næringsutviklinga. Det må skapast gode arenaer for dialog og samskaping. Tidleg involvering og opne prosessar fremtar tillit og felles forståing.

Stord kommune vil også peike på det grunnleggjande prinsippet som gjeld *rett bruk av rett areal*. Dette prinsippet medfører at det vil vere trond for meir og betre kartleggingsarbeid for å oppnå målsetjingane om ei berekraftig forvaltning. Biologisk mangfald skal takast vare på, og naturgrunnlaget må sikrast gjennom auka kartlegging, overvaking og kompetansebygging for å få eit tilstrekkeleg godt grunnlag for kommunane til å gjere vedtak når det gjeld arealforvaltning og næringsutvikling. Dette bør inkluderast i handlingsprogrammet på regionalt nivå.

Dokumentliste

S	22.03.2021	Uttale fra Stord kommune - regional plan for innovasjon og næringsutvikling
I	26.01.2021	Vestland fylkeskommune Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 - Høyring og offentleg ettersyn av regional plan
U	04.02.2021	Ingjerd Skogseid utsett høyringsfrist på regional plan for innovasjon og næringsutvikling
I	08.02.2021	Vlfk - Ingjerd Skogseid utsett høyringsfrist på regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Vedlegg:

- 1 Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 - Høyring og offentleg ettersyn av regional plan
- 2 vedlegg regional plan.PDF
- 3 vedlegg handlingsprogram.PDF

**Innleiing (bakgrunn for saka)**

Fylkesutvalet i Vestland har vedteke å sende den regionale planen «Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033» på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfristen er 26. mars; Stord kommune har bede om og fått løyve til å ettersende uttale fra politisk handsaming i Formannskapet 14. april.

Fylkeskommunen ynskjer innspel til sjølve planen, til utarbeidd handlingsprogram for 2021 og forslag til kva som bør leggjast vekt på ved utarbeiding av handlingsprogram 2022-2025.

Regionale planar skal leggjast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylket.

**Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)**

Ved regionreforma fekk fylkeskommunane eit ekstra ansvar for å

- gje strategisk retning til samfunnsutviklinga, tilpassa regionale og lokale forhold
- mobilisere privat sektor, kulturliv og lokalsamfunn
- samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk.

«Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling» er ein plan for heile Vestland fylke. Planen er fylket – ikkje fylkeskommunen – sin felles plan for innovasjon og næringsutvikling. Innhaldet og satsingsområda i planen er utvikla gjennom samarbeid og samhandling med næringsliv, arbeidsliv, Fou-institusjonar, kommunar og regionale statlege aktørar. Næringsforum Vestland har ein sentral rolle i dette samarbeidet. Dei har i fellesskap utarbeidd planen, og har også ansvar i oppfølginga av planen.


Planen byggjer på mål og prinsipp slått fast i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Det er lagt til grunn eit omfattande kunnskapsgrunnlag som viser ulike scenario, moglegheiter og barrierar for å lukkast med å tilpasse seg dei store samfunnsendringane og internasjonal konkurranse. All kunnskap peiker på at korleis ein taklar den store berekraftige omstillinga er avgjerande for å lukkast. Vi må ta utgangspunkt i dei store fordelane vi har i næringslivet og som ofte er basert på naturressursane våre. Vi må ta i vare det vi er gode på i dag, legge grunnlag for nye innovasjonar på tvers av verdikjeder, og gripe nye moglegheiter. Planen peiker på at for å lukkast, må vi bygge vidare på verdiane til det nye fylket; «kompetent, open og modig».

Den forventa nedgangen i olje og gass skaper eit eksportgap som må fyllast skal vi oppretthalde velferdsnivået i fylket og i landet elles. Kompetansen, teknologien og det internasjonale nettverket som er bygd opp etter fleire tiår med olje- og gassverksemd i Norge, er heilt avgjerande for å drive fram teknologioverføring, utvikling og innovasjon både

i etablert og nytt næringsliv. Utfordringa er å posisjonere næringslivet i Vestland i ein global marknad og byggje verdikjeder for å forsterke eksportnæringer og sikre auka verdiskaping. Det krev både større eksport frå eksisterande næringar og utvikling av nye eksportnæringer.

Framlegg til plan peikar på at eit godt samspel mellom senter og omland på alle nivå må til. Bergen og regionale sentra må fungere som ei drivkraft i seg sjølv, men også sikre verdiskaping, arbeidskraft og arbeidsplassar i distrikta. Det er distrikta som kjem til å leie an i det grøne skiftet. Det er i distrikta ein finn naturressursane, arbeidsplassane og bedriftene som gjer at vi skal bruke grøn konkurransekraft og grøn næringsutvikling i alle ledd til å skape dei nye arbeidsplassane. Dette arbeidet er avhengig av rett kompetanse på riktig plass, og vi må skape synergiar og utvikling gjennom samarbeid på tvers av geografiske område og aktørar. Det må arbeidast målretta med å utbetra regionale og kommunale forskjellar på breiband-dekning og digital infrastruktur. God og relevant utdanning og kompetanse er naudsynt for at næringane våre skal vere konkurransedyktige internasjonalt.

Skal vestlandske næringsliv bli meir robust for ei klimavenleg framtid, må innsatsen rettast mot næringar som har stort potensial for låge klimautslepp, god lønsemd og internasjonal vekst. Figuren under viser dei viktigaste konkurransefortrinna Vestland har for denne omstillinga, iflg. planen:



Figur 1 Dei viktigaste konkurransefortrinna Vestland har for omstillinga fylket står overfor.

(Kjelde: «Vestlandsscenarioer 2020 – Felles kunnskapsgrunnlag for en foretrukket fremtid», EY på oppdrag av Vestland Fylkeskommune, NHO, LO, KS, NAV, Bergen Næringsråd, Næringsalliansen i Hordaland, Sogn og Fjordane Næringsråd, Bergen kommune og Atheno)

Det vert vidare peika på elleve verdikjeder, inklusive sirkulære modellar og energisystem, som har særskilt potensial for grøn omstilling og nye eksportverdiar:



Figur 2 Verdikjeder, inklusive sirkulære modellar og energisystem som har særskilt potensial for grøn omstilling og nye eksportverdiar (Kjelde: «Vestlandsscenarioer 2020 – Felles kunnskapsgrunnlag for en foretrukket fremtid», EY på oppdrag av Vestland Fylkeskommune, NHO, LO, KS, NAV, Bergen Næringsråd, Næringsalliansen i Hordaland, Sogn og Fjordane Næringsråd, Bergen kommune og Atheno)

Framlegg til regional plan for berekraftig verdiskaping konkretiserer også ni hinder for utvikling:



Figur 3 Varseltrekkantane over viser dei største hindra for utvikling. (Kjelde: «Vestlandsscenarioer 2020 – Felles kunnskapsgrunnlag for en foretrukket fremtid», EY på oppdrag av Vestland Fylkeskommune, NHO, LO, KS, NAV, Bergen Næringsråd, Næringsalliansen i Hordaland, Sogn og Fjordane Næringsråd, Bergen kommune og Atheno)

Visjonen for planen er: «Nyskapande og berekraftig».

Hovudmålet for planen er: «Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.»

Utviklingsplanen gir ein felles kurs for å inkludere, inspirere og mobilisere Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande utvikling. Utviklingsplanen for Vestland har definert fire hovudmål som skal leggjast til grunn for all utvikling, planlegging og aktivitet i fylket. Måla er også lagt til grunn i dette framlegget til regional plan:

- Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
- Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Mål 4: Like mogelegeheter til å delta i verdiskaping

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling har tre strategiar/satsingar:

- Grøn næringsutvikling
- Innovative og inkluderande samfunn
- Areal for næringsutvikling

Strategiane i planen er bransjenøytrale og gjeld for alle næringane, men for å fylle eit forventa framtidig eksport- og verdiskapingsgap må vi også utvikle nye næringar og verdikjeder. Det vert difor ikkje trekt fram spesifikke næringar på regionalt nivå som det skal satsast på. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er ein 12-årig plan, og vil bli følgt opp med fireårige handlingsprogram som vert vurdert for rullering årleg.

Heile Vestland skal takast i bruk, men innsatsen må ha eit regionalt perspektiv og tilpassast behov i ulike delar i fylket. Nokre tema og arbeidsområde er likevel felles for alle satsingar:

- Samhandling og møteplassar
- Internasjonalisering
- Kompetanse
- Felles kunnskapsgrunnlag, analysar og kommunikasjon
- Forsking og innovasjon
- Infrastruktur og digitalisering
- Teknologi
- Innovasjonsinfrastruktur

### Litt meir om dei tre strategiane

#### *Grøn næringsutvikling:*

Målsetjinga er at næringslivet i Vestland er klimanøytralt i 2033. Grøn næringsutvikling betyr at produksjon og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål. Endringar og innovasjon knytt til grøn næringsutvikling vil skje på ulike måtar:

- Forbetring av eksisterande produkt, teknologi og tenester
- Utvikling av ny teknologi, nye produkt og tenester, nye organisasjonsmåtar og nye marknader
- Etablering av heilt nye verdikjeder.

Ny næringsutvikling og ny industri må gjerast med ei målsetting om at det skal gjerast utan nye naturinngrep – fortetting rundt eksisterande industriområde kan vere ei løysing.

#### *Innovative og inkluderande samfunn:*

Målsetjinga er verdiskaping og nye grøne arbeidsplassar i heile fylket. Verdiskapinga er avhengig av gode lokalmiljø, sterke bu- og arbeidsmarknadsregionar, med relevante utdanningstilbod, og ein kultur for innovasjon og medverknad. Utvikling av regionen, lokalsamfunn og offentlege tenester krev aktiv og reell involvering av næringsliv, innbyggjarar og brukarar.

#### *Areal for næringsutvikling:*

Målsetjinga er rett areal til rett føremål til rett tid. Areal til næringsutvikling omfattar korleis vi nyttar naturressursar, og korleis vi legg til rette areal for ny næringsutvikling. Rett areal for rett næring, der ein har teke omsyn til tilgang til infrastruktur er også eit sentralt element. Kommunane har gjennom sitt ansvar for arealforvaltning ei sentral rolle i denne satsinga. Det er behov for å styrke koplinga mellom kommunale samfunnsplanar og arealplanar. Det må sikrast at det er sett av areal i arealplanar til den næringsutviklinga det vert lagt opp til. Ein viktig arealressurs er re-establering i eksisterande handels- og næringsområde, og det å endre arealformål for å tilpasse seg næringsliv i endring. Det er

mogleg å utvikle ny industri utan nye naturinngrep, t.d. gjennom re-establering og fortetting rundt eksisterande handels-, industri- og næringsområde.

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling omtalar ei retningsline som ny regional planføresegn med heimel i plan- og bygningslova §8-5. Denne har ein ved høyring presisert at *utgår*. Den overordna retningslina vil likevel gjelde som grunnlag for regionale mynde sine vurderingar av eventuell motsegn mot kommunale planar.

Overordna retningsliner for arealplanlegging knytt til næringsutvikling er å sikre rett, og nok, næringsareal for arbeidsplassane i Vestland til rett tid.

Sentrale føringar for planlegginga av næringsareal er:

- Rett areal til berekraftig verdiskaping/grøne næringar. At ein har berekraftig areal til akvakultur.
- At planar er oppdaterte, og at planlegginga er kunnskapsbasert
- At det regionalt vert kartlagt viktige areal for næring og viktige område som ikkje skal byggast ut, samtidig som at det vert tatt omsyn til jordvern / vern av landbruksareal.
- Arbeide for meir interkommunal planlegging knytt til næringsareal
- Inkludere næringsaktørar og bedrifter i planlegging av areal til næringsutvikling

Fylkeskommunen stiller fylgjande spørsmål til høyringa:

1. I kva grad gir planen ei tydeleg strategisk retning for arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i fylket fram mot 2033?
2. Planen har tre satsingar: Grøn næringsutvikling, Innovative og inkluderande samfunn, Areal til næringsutvikling. Er dei tre satsingane og tilhøyrande strategiar veleigna for å nå måla?
3. Er planen veleigna til å møte utfordringar knytt til korona-pandemien på kort og lengre sikt?
4. På kva måte kan planen vere eit godt verktøy til å mobilisere ulike aktørar til å delta i arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i fylket?
5. Korleis kan planen bli eit godt verktøy for å samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk?
6. Spørsmål spesielt til offentlege verksemder: Korleis kan planen fungere som overordna plan for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, på ein slik måte at til dømes kommunar berre treng utvikle eigne handlingsplanar?
7. Andre vesentlege innspel til planen

#### Litt meir om handlingsprogram og årssplanar:

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling vert konkretisert gjennom fireårige handlingsprogram og årssplanar. Trong for å rullere handlingsporgrammet blir vurdert årleg i tråd med plan- og bygningslova. Eit fireårig handlingsporgram skal sikre forpliktande samarbeid i partnarskapen og bidra til å prioritere satsingar for å nå målsettingane. Det viktigaste føremålet med ein fireårig handlingsprogram er:

- «konkretisere satsingane og måla i planen,
- å kombinere ulike verkemiddel
- å identifisere kunnskapsbehov og forskingsinnsats
- å fordele oppgåver i partnarskapen
- å legge grunnlag for oppdrag til operativt ansvarlege

- å gi eit klarare bilet av kva vi skal ha oppnådd slutten av ein programperiode»

Gjennom årlege handlingsplanar skal ein sikre oppfølging i budsjett og økonomiplan samt sikre mindre kursjusteringar og økonomiske og administrative rammer for å setja i verk planen.

## **Vurdering**

Det er eit omfattande arbeid som er gjort ved utarbeiding av framlegg til regional plan for berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Arbeidet består av eit omfattande kunnskapsgrunnlag som vidare er konkretisert i visjon, mål og strategiar. Utfordringa med eit slik arbeid, slik rådmannen vurderer det, er at i eit stort og mangfaldig fylke som Vestland, vert også målsetjingane og strategiane omfattande. Spørsmålet vert om dei er spissa nok for å gi ein tydeleg retning for vidare utvikling?

Stord kommune sitt næringsarbeid er i første rekke knytt til førsteline-arbeid som Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Atheno AS utfører for oss. Kommunen bidrar med 1,58 mill. kr. til samarbeidstiltak og næringsføremål i 2021.

Utover dette er det generelt vårt overordna planverk og forvaltningskapasitet som er avgjerande for å leggje til rette for utvikling og samspel med næringslivet og møte deira trond for rask sakshandsaming.

Rådmannen har ikkje innspel til endringar i sjølve næringsplanen, men meiner handlingsprogramma særleg må støtte opp om følgjande:

**Infrastruktur:** Det må byggjast tilstrekkeleg infrastruktur for å hindre at dette vert barriere for vidare næringsutvikling; dette gjeld både nettkapasitet for kraftforsyning, digital infrastruktur og transportinfrastruktur for å binde saman større bu- og arbeidsmarknadsregionar. For Stord kommune som regionsenter og øykommune er det viktig med gode kommunikasjonar mot regionhovudstaden Bergen og mot våre nabokommunar. Hordfast og Sunnfast er samferdselsprosjekt som bind

Sunnhordlandsregionen saman internt og mot Bergen. Dette er viktige offentlege bidrag for å styrke og støtte opp under omstilling, endring og nyskaping i privat næringsliv. Dette vert også særleg viktig for å sikre tilgang på rett kompetanse og arbeidskraft til eikvar tid. Vi må også nytte innkjøpsmakta til å bidra til utviklingsprosjekt innanfor kollektiv transport både til sjøs og på land. Fylkeskommunen må aktivt setje i verk fleire pilotprosjekt innanfor kollektiv transport som både er miljøvenlege og i større grad svarer på innbyggjarane sitt transportbehov.

**Kompetanse:** Den kanskje viktigaste endringa i næringslivet framover, er det kontinuerlege kravet til innovasjon og læring. Det vert i regional plan peika på at vi har eit fortrinn når det gjeld naturressursar, men skal vi kunne foredle og utnytte desse, er vi avhengige av ei lærande arbeidskraft. Her meiner rådmannen at det må leggjast endå større vekt på samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonar og næringslivet, både kva gjeld aktuell oppdatering og vidareutdanning av arbeidskraft, og kva gjeld næringsaktuell forsking. Ein må starte arbeidet allereie i grunnskulen ved at elevane får høve til å utvikle yrkespreferansen sin før dei kjem til vidaregåande skule. Rådgjevingstenesta må kvalitetssikrast. Det må også arbeidast for å hindre fråfallet i vidaregåande skule. Stord kommune jobbar med prosjektet «16 - ka no? Trygg overgang frå ungdomsskule til vidaregåande.» Her trengst ytterlegare kunnskap og styrka innsats.

**Offentleg – privat samarbeid:** Stord kommune har fått midlar frå Miljødirektoratet til eit klimasatsprosjekt: partnarskap for klimaleiing. Føremålet med prosjektet er gjennom offentleg og privat samarbeid å identifisere og gjennomføre endringar som medfører klimakutt i tenester og produksjon. Gjennom prosjektet ynskjer vi også å dele kunnskap. Skal vi lukkast med kunnskapsdeling på tvers av bransjar, må vi også skape aktuelle arenaer for slik deling. Handlingsprogrammet må stimulere til kunnskapsdeling på tvers av privat og offentleg sektor, bransjar og verdikjeder.

Rådmannen registrerer at fylkeskommunen ynskjer tilbakemelding på om den regionale planen kan nyttast som næringsplan på kommunalt nivå slik at kommunane kan gå direkte på utvikling av handlingsplanar. Rådmannen meiner vi i Stord kommune i samband med utarbeiding av samfunnsdelen til kommuneplanen, skal halde fram arbeidet med ein

næringsdel. Rådmannen meiner at framlagt regional plan vil tene som eit godt kunnskapsgrunnlag. Vi må på kommunalt nivå identifisere våre styrker og kva vi kan bygge vidare på for å lukkast i næringsarbeidet framover i vår regionale kontekst. Særleg må vi gjere dette med tanke på å definere ein god arealstrategi. Kva for næringar treng kva for areal i vår kommune?

Rådmannen vil også peike på det grunnleggjande prinsippet som kjem fram i framlegg til regional plan som gjeld *rett bruk av rett areal*. Dette prinsippet medfører også at det vil vere trøng for meir og betre kartleggingsarbeid for å oppnå målsetjingane om ei berekraftig forvaltning. Biologisk mangfold skal takast vare på, og naturgrunnlaget må sikrast gjennom auka kartlegging, overvaking og kompetansebygging for å få eit tilstrekkeleg godt grunnlag for kommunane til å gjere vedtak når det gjeld arealforvaltning og næringsutvikling. Dette bør inkluderast i handlingsprogrammet på regionalt nivå.

## **Konklusjon**

Rådmannen tilrår fylgjande høyringsuttale frå Stord kommune til regional plan for innovasjon og næringsutvikling – berekraftig verdiskaping:

Stord kommune meiner næringsplanen saman med utviklingsplan for Vestland gir eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare næringsarbeid i fylket, Sunnhordland og Stord kommune. Vi meiner likevel planen vert for omfattande til å kunne fungere som næringsplan på kommunalt nivå, men kommunen kan nytte det framlagte kunnskapsgrunnlaget, målsetjinga og strategiane til å identifisere våre styrker og kva vi kan bygge vidare på for å lukkast i næringsarbeidet framover i vår regionale kontekst. Dette vert ein viktig del av samfunnssdelen til kommuneplanen som kommunen no går i gang med å utarbeide. Særleg vert det viktig å definere ein god arealstrategi. Kva for næringar treng kva for areal i vår kommune?

Stord kommune har ikkje innspel til endringar i sjølve næringsplanen, men meiner handlingsprogramma særleg må støtte opp om fylgjande:

**Infrastruktur:** Det må byggjast tilstrekkeleg infrastruktur for å hindre at dette vert barriere for vidare næringsutvikling; dette gjeld både nettkapasitet for kraftforsyning, digital infrastruktur og transportinfrastruktur og kollektivtransport for å binde saman større bu- og arbeidsmarknadsregionar. For Stord kommune som regionsenter og øykommune er det viktig med gode kommunikasjonar mot regionhovudstaden Bergen og mot våre nabokommunar. Hordfast og Sunnfast er samferdselsprosjekt som bind Sunnhordlandsregionen saman internt og mot Bergen. Dette er viktige offentlege bidrag for å styrke og støtte opp under omstilling, endring og nyskaping i privat næringsliv. Dette vert også særleg viktig for å sikre tilgang på rett kompetanse og arbeidskraft til eikvar tid. Vi må også nyte innkjøpsmakta til å bidra til utviklingsprosjekt innanfor kollektiv transport både til sjøs og på land. Fylkeskommunen må aktivt setje i verk fleire pilotprosjekt innanfor kollektiv transport som både er miljøvenlege og i større grad svarer på innbyggjarane sitt transportbehov.

**Kompetanse:** Den kanskje viktigaste endringa i næringslivet framover, er det kontinuerlege kravet til innovasjon og læring. Det vert i regional plan peika på at vi har eit fortrinn når det gjeld naturressursar, men skal vi kunne foredle og utnytte desse, er vi avhengige av ei lærande arbeidskraft. Her meiner Stord kommune at det må leggjast endå større vekt på samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonar og næringslivet, både kva gjeld aktuell oppdatering og vidareutdanning av arbeidskraft, og kva gjeld næringsaktuell forsking. Ein må starte arbeidet allereie i grunnskulen ved at elevane får høve til å utvikle yrkespreferansen sin før dei kjem til vidaregåande skule. Rådgjevingstenesta må kvalitetssikrast. Det må også arbeidast for å hindre fråfallet i vidaregåande skule. Stord kommune jobbar med prosjektet «16 - ka no? Trygg overgang frå ungdomsskule til vidaregåande,» der det m.a. kjem fram at elevar i ungdomsskulen ønskjer meir kunnskap om yrkesretta utdanningar og arbeidsplassar. Her trengst ytterlegare kunnskap og styrka innsats.

Offentleg – privat samarbeid: Stord kommune har fått midlar frå Miljødirektoratet til eit klimasatsprosjekt: partnarskap for klimaleiing. Føremålet med prosjektet er gjennom offentleg og privat samarbeid å identifisere og gjennomføre endringar som medfører klimakutt i tenester og produksjon. Gjennom prosjektet ynskjer vi også å dele kunnskap. Skal vi lukkast med kunnskapsdeling på tvers av bransjar, må vi også skape aktuelle arenaer for slik deling. Handlingsprogrammet må stimulere til kunnskapsdeling på tvers av privat og offentleg sektor, bransjar og verdikjeder.

Sosial berekraft: Næringslivet treng stabil tilgang på arbeidskraft og kundar. Arbeid med å fremja folkehelsa og skape gode og attraktive lokalsamfunn der folk trives er grunnleggjande for den lokale næringsutviklinga. Både privat, offentleg og frivillig sektor har her eit felles ansvar. Det må leggjast til rette for samhandling på tvers av sektorane slik at dei ulike aktørane støttar opp om kvarandre og drar i same rething.

Medverknad: Involvering av innbyggjarane i utviklingsprosessar må vere eit berande prinsipp i næringsutviklinga. Det må skapast gode arenaer for dialog og samskaping. Tidleg involvering og opne prosessar fremjar tillit og felles forståing.

Stord kommune vil også peike på det grunnleggjande prinsippet som gjeld *rett bruk av rett areal*. Dette prinsippet medfører at det vil vere trond for meir og betre kartleggingsarbeid for å oppnå målsetjingane om ei berekraftig forvaltning. Biologisk mangfald skal takast vare på, og naturgrunnlaget må sikrast gjennom auka kartlegging, overvaking og kompetansebygging for å få eit tilstrekkeleg godt grunnlag til å gjere vedtak når det gjeld arealforvaltning og næringsutvikling. Dette bør inkluderast i handlingsprogrammet på regionalt nivå.

### **Plan for gjennomføring**

Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling skal vedtakast av fylkestinget i juni 2021. Det same skal handlingsprogram for 2021.

Det skal utarbeidast eit fireårig handlingsprogram som vil kome på høyring til kommunane, truleg til hausten.

Regionale planar skal leggjast til grunn for kommunane si verksemd og planlegging. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling vil leggjast til grunn for kommunen sitt arbeid med ny kommuneplan, samfunnsdel og arealdel.